



Verbalforslag budsjett 2016

Opplæring og helse				
Tiltak	Oppdrag	Ansvar	Kommentar	Frist
Auka gjennomføringsgrad i den vidaregåande skulen	Auke gjennomføringsgraden frå 70% til 80% Dette skal reflekterast i årsbudsjettet	Fylkesdirektør opplæring	Notat som viser ulike tiltak/satsingar og kostnader. Går ut frå at ein meiner budsjett 2017?	Budsjett 2017
Fagbrev – gjennomførings prosent	Gjennomgang av dei ulike løpa innan fagopplæringa	Fylkesdirektør opplæring		FT Juni Sak klar: 1.mai
Tiltak for å auka gjennomføring på yrkesfag	Etablering av søkbar pott til skular med låg gjennomføringsgrad på yrkesfag	Fylkesdirektør opplæring	Bør vere føreseileg, søkbar ordning. Strategisk tilnærming til Vg3-klassar – blir tatt inn i klassesaka. Andre vg3-tilbod Læreplasskurs ute på nokre skular	FT Juni Sak klar: 1.mai
Ny budsjettmodell og bærekraftig finansiering	Fylkesrådmannen skal fremje ei sak der ulike budsjettmodellar vert drøfta.	Fylkesdirektør opplæring/fylkesdirektør økonomi og organisasjon	NB! Må sjå på Samanheng mellom Skulebruksplanen, inntakssystem og bud.modell.	FT mars 2017
Nytt inntakssystem	Fylkesrådmannen skal fremje sak om nytt inntakssystem for FT inntakssystem i kombinasjon med ny budsjettmodell kan bidra	Fylkesdirektør opplæring	NB! Må sjå på samanheng mellom Skulebruksplanen, inntakssystem og bud.modell. Forslag: SBP okt 16, inntak des 16, budsjett mars 17	FT des 2016 Sak klar: nov 2016

Elev- og lærlingombod	Tilsetjing av eit uavhengig elev- og lærlingombod	Fylkesdirektør opplæring	FUV april 2016	
Skulepsykologar	Sak for FT som skisserar korleis fylkeskommunen kan samarbeide med kommunane for å få tilsett psykologar ute på skulane	Fylkesdirektør opplæring	Politisk avsjekk sak frå VAF. Svein drøftar med utvals- leiari	FT juni 2016
Ernæring i skulen	Frukost til elevar – prioritere skular med fråfall	Fylkesdirektør opplæring	FUV mai 2016	

Forklaring til rekkefølgje, opplæring:

- Rullering av skulebruksplanen
- Nytt inntakssystem
- Ny budsjettmodell

I verbforslaget til budsjettet for 2016 fekk fylkesrådmannen i oppdrag å fremje ei sak om nytt inntakssystem og ei sak der ulike budsjettmodellar vert drøfta. Fylkestinget har og vedteke at skulebruksplanen skal rullerast i 2016. Fylkesrådmannen meiner at det er ei naturleg rekkefølgje mellom desse tre sakene. Skulebruksplanen viser retning for framtidig skulestruktur både i tal på skular, samansetnad av utdanningstilbod ved skulane og geografisk plassering av skulane. Det bærande prinsippet i det nye inntakssystemet skal vere at elevane har rett til å gå på nærmeste skule som tilbyr ønska studieretning. Med dette som utgangspunkt er det naturleg at skulebruksplanen vert handsama før saka om nytt inntakssystem. Samansetnad av utdanningstilbod, talet på skular og talet på elevar ved skulane er viktige faktorar i ein budsjettmodell.

Fylkesrådmannen meiner difor at saka om ny budsjettmodell bør kome etter handsaminga av skulebruksplan og ny inntaksmodell. Framlegg til skulebruksplan vert sendt på høyring i vår og skal handsamast i fylkestinget i oktober 2016. Deretter vil fylkesrådmannen fremje saka om ny inntaksmodell for fylkestinget i desember 2016 og saka om ny budsjettmodell i fylkestinget i mars 2017.

Miljø og samferdsel				
Tiltak	Oppdrag	Ansvar	Kommentar	Frist
Ingen prisvekst	Stoppe prisvekst innan kollektiv	Fylkesdirektør samferdsel	Gjennomført	Ordinær takstauke frå 1. februar.
Fleire buss – og baneavgangar i Bergen		Fylkesdirektør samferdsel	Gjennomført. Knytt til differensierte bompengar.	Frå 1. januar. 300 nye avgongar
Einingstakst NSB Arna – Bergen sentrum – heile kostnaden med einingstakst skal dekkast inn	Fylkesordførar og fylkesrådmannen skal ta opp att samtalene med NSB	Fylkesrådmannen/fylkesdirektør samferdsel	NSB og Skyss er i tett dialog omkring avtalen, samtidig vert det arbeidd med konkrete løysingar for billettkjøp.	Usikker iverksetjing. Tidlegast etter sommaren 2016.
Meir effektiv ressursutnytting innan samferdselsfeltet	Grundig gjennomgang av heile samferdselsfeltet administrativt	Fylkesrådmannen/fylkesdirektør samferdsel	Prosjektet er i oppstartsfasen. Konkret vert det sett på organiseringa rundt bybana.	Hausten 2016
Ferjer – fornying/modernisering	Tydelegare miljøkrav for å få til ei modernisering/fornyng av flåten	Fylkesdirektør samferdsel	Konkurransegrunnlaget vert tilpassa vedtaket i FUV.	Neste anbodsperiode
Fyllfestasjon for hydrogen og hydrogenbilar	Etablere ein fyllfestasjon for hydrogen på Danmarks plass. Kjøpe inn to hydrogenbilar	Fylkesdirektør regional	Blir to stasjonar, ikkje ein. 2 mill til H-stasjon 2016 og 2 mill til dispendfond til ytterligare 1 stasjon 2017.	Første H-stasjon haust 2016, andre H-stasjon 2017. 2 H-bilar kjøpast når stasjonen er på plass.
Omprioriteringar i Bergensprogrammet	Dialog med Bergen kommune og Statens vegvesen for å sjå på moglegheiter for omprioriteringar frå investering til styrking av kollektivtrafikken	Fylkesdirektør samferdsel	Saka har vore teke opp i styringsgruppa for Bergens-programmet. Det vil krevje handsaming i fylkesting, bystyre og storting.	Politisk sak hausten 2016. Samordning mot forhandlingar om Bymiljøavtalar.
Busslinje Varden	Dialog med innbyggjarane – finne minneleg løysing	Fylkesdirektør samferdsel/ Skyss	Dialogmøte er gjennomført. Sak er utarbeida.	MISA februar
Overordna strategi for kollektivtrafikk på sjø	Utarbeide overordna strategi	Fylkesdirektør samferdsel/ Skyss	Prosjektet er under planleggjring	Hausten 2016

Ruteendring – konsekvensar av endra infrastruktur	Fortløpende endring av ruter som følgjer av endring av infrastruktur	Fylkesdirektør samferdsel/ Skyss	Skyss arbeidar kontinuerleg for å tilpassa ruteproduksjonen , ruteendring 2 gonger per år.	Kontinuerleg
Auka ruteproduksjon i Bergen		Fylkesdirektør samferdsel/ Skyss	Dette gjeld tilleggsloyvinga i budsjettet. Skyss arbeidar med kva tiltak som skal iverksetjast.	Rapportering i løpet av våren 2016.
Etablere effektive kollektivknutepunkt	Ferdigstilling av arealet på kaia med servicebygg Jondal	Fylkesdirektør samferdsel	Det vert utarbeida saksframlegg	1. halvår 2016
Etablere ordning med bisyklar	Etablere samarbeid om etablering av bisyklar i Bergen	Fylkesrådmannen/ fylkesdirektør samferdsel	Er teke opp i styringsgruppa for Bergensprogrammet. Bergen kommune fylgjer opp sakta.	
Konseptutlysing for Masfjordbrua	Anbodsutlysing basert på ei rein funksjonsskildring momskompensasjon	Fylkesdirektør samferdsel	Sak har vore i FUV i januar. Forprosjekt skal utarbeidast.	Januar Hausten 2016
Punktutbetring/ Trygge skulevegar	Aktuelle vegstrekningar prioritert regionvis, skulevegar skal ha høg prioritet.	Fylkesdirektør samferdsel	Det vert utarbeida saksframlegg om fordelinga av ekstraløyvinga.	FT Mars 2016
Ferge Kinsarvik – Utne		Fylkesdirektør samferdsel	Skyss er i dialog med Norled for å få sett i verk nye avgongar på sambandet.	1. halvår 2016

Kultur, idrett og regional utvikling				
Tiltak	Oppdrag	Ansvar	Kommentar	Frist
Auke i tilskott til aktivitetsbaserte tiltak for å stimulere frivillig innsats		Fylkesdirektør kultur og idrett/ fylkesdirektør regional utvikling	Vert gjort i samband med justering og endring av eksisterande og nye tilskotsordningar	
Etablering av «Campus Bergen»	Etablere eit kompetansesenter der ein samlar idretten, næringsliv, Olympiatoppen, UiB og vidaregåande skule	Fylkesdirektør kultur og idrett/ fylkesdirektør regional utvikling/ fylkesdirektør opplæring	Saka er i arbeid: Planlegging er i gang og det er gjennomført fleire møte med idrettsorg, HiB, UiB. Fylkesordføraren har teke ansvar for politisk oppfølginga av saka.	
Klimaplan	Klimaplanarbeidet vert styrka	Fylkesdirektør regional utvikling	Disponering av tilleggsløyve lagt fram for Klimarådet 2. mars.	Mars
Liv og lyst	Gjenoppta samarbeidet om lokalsamfunns-utviklingstiltaket «Liv og lyst»	Fylkesdirektør regional utvikling	Møte på seksjonsleiar-nivå IN og FMIH 28/1 for diskutere organisering/økonomisk medverknad. Har opna opp igjen prosjekta som var prekvalifiserte for 2015.	
Smelteverkstomta i Odda	Lyssetting	Fylkesdirektør kultur og idrett	Løyvinga er følgt opp og tilskotsbrev er sendt til Odda kommune frå Kultur- og idrettsavdelinga.	

Generelt				
Tiltak	Oppdrag	Ansvar	Kommentar	Frist
Arealøkonomisering	Utarbeide oversikt over dagens husleigekostnad pr avdeling og faktisk framtidig arealbehov for det enkelte tenesteområde	Eigedomsdirektør	Arbeidet vil gjennomførast i to fasar – kartlegging og framlegg til arealøkonomisering	Kartlegging 01.04.2016 Framlegg arealøk. 01.09.2016
Seriøsitetskrav i bygg- og annleggskontraktar	Innføra seriøsitetskrav ved eigne bygg – og anleggskontraktar.	Eigedomsdirektør	Kontraktskrava for å motverke arbeidslivskriminalitet er i desember 2015 gjennomgått og forsterka/tydeleggjort. Nye føresegner vil bli tatt i bruk i alle kontraktar frå 01.02.2016	01.02.2016
Hotell	Fylkeskommunen skal berre nytte hotell der dei tilsette har tariffavtale	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon	Utarbeidd notat med lovmessig vurdering og tilråding.	OK, avklart
Regionalavdelinga	Innsparing driftsutgifter	Fylkesdirektør regional utvikling	Fylkesrådmannen og fylkesdirektør regional utvikling er i prosess	Budsjett 2016